

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 28.08.2014**

Saka vart lagt fram på bakgrunn av referatsak 138/14 "Vedr. Ny politistruktur", utan saksførelegg.

**Terje Søviknes** sette på vegner av Frp, H, V, A, SP, SV og KrF fram slikt forslag til fråsegn:

### **"Ny politistruktur på Vestlandet – uttale**

I samband med politireforma er eitt av framlegga at Haugaland og Sunnhordland politidistrikt vert slått saman med Agder/Rogaland politidistrikt. I Hordaland vil dette omfatte kommunane Bømlo, Sveio, Stord, Etne og Fitjar og Tysnes.

Hordaland fylkeskommune finn ei slik organisering lite formålstenleg, og rår til at ein vurderer ein av følgjande to modellar:

- Eit felles stort politidistrikt for Rogaland og Hordaland eller
- At fylkesgrensa vert avgjerande og at alle kommunane i Sunnhordland går til Hordaland politidistrikt.

Desse modellane vil styrke politiberedskapen og sikre samhandling med dei andre naudetatane i fylket."

### **Røysting**

Søviknes sitt forslag vart samråystes vedteke.

### **Vedtak**

### **Ny politistruktur på Vestlandet – uttale**

I samband med politireforma er eitt av framlegga at Haugaland og Sunnhordland politidistrikt vert slått saman med Agder/Rogaland politidistrikt. I Hordaland vil dette omfatte kommunane Bømlo, Sveio, Stord, Etne og Fitjar og Tysnes.

Hordaland fylkeskommune finn ei slik organisering lite formålstenleg, og rår til at ein vurderer ein av følgjande to modellar:

- Eit felles stort politidistrikt for Rogaland og Hordaland eller
- At fylkesgrensa vert avgjerande og at alle kommunane i Sunnhordland går til Hordaland politidistrikt.

Desse modellane vil styrke politiberedskapen og sikre samhandling med dei andre naudetatane i fylket.